



OTTO STUVE

I 2007 markerte Nord-Aurdal kommune at det var 150 år sidan Otto Stuve (1825–1871) frå Biri etablerte den fyrste skysstasjonen og handelsverksemda på Fagernes. Og hadde det ikkje vore for Stuve og bevillinga han fekk i 1857, ville Fagernes framleis berre vore eit vegkryss mellom gardane Nes, Tveit og Håvelsrud.

9. september 1857 fekk Otto Stuve løyve til å drive handelsverksemd i [...det ledige Landhandleri i Svennes Annex til Nordre Aurdals Præstegjeld i Valdres Fogderi...].

Amtmann Johan Collett i Christians Amt (Oppland fylke) fekk åtte søknadar frå folk som ville drive landhandel i Svennes Annex, men anbefalte at handelsbevillinga skulle gå til Otto Stuve. Indredepartementet slutta seg til anbefalinga frå alle autoritetar slik:

[...At der mot anordnet Gebyr naadigst meddeles Handelsfuldmægtig Otto Larsen Stuve bevilling til at drive Landhandel i Svinnæs Annex til Nordre Aurdal Præstegjeld, Valdres Fogderi, Christians Amt, med Forpligtelse til:

1. At holde Gjæstgiveri, dog uden Ret til at udskjænke Brændevin eller dermed blandet Drikk.
2. Uden Bidrag af de Skydspligtige at overtage fast Stationshold paa saaledes Maade, som af Øvrigheden maatte bestemmes.
3. At svare i aarlig Afgift til Statscassen 10 Spesiedaler...].

Otto Stuve skulle altså mot ei avgift til Staten drive landhandel og skysstasjon på Øvre Nes gard. Skjenkeløyve fekk han ikkje. I 1861 kjøpte Otto Stuve tomt frå Tveit gard, om lag der Fagernes Hotell ligg i dag, og her sette han opp ein toetasjes bygning. Hotellet og staden vart etter kvart kalla Stuvenes. Stuve sjølv likte ikkje dette og bestemte at staden heller skulle heite Fagernes. Otto Stuve døydde i 1871, ugift og utan etterkommarar. Brørne Gudbrand og Bernt Stuve arva hotellet, men selde det like etter.